
Saknr: 2020/39649-3
Saksbehandlar Even Vaular
Dato: 14.04.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Dina Lefdal, fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Fv. 55 Tronvik-Ulvåna - Oppmoding frå Høyanger kommune om å gjennomføra moglegheitsstudie.

Høyanger kommune, ved ordførar Petter Sortland, kjem i brev dagsett 10. februar 2020 med ei oppmoding om at fylkeskommunen prioriterer å setja i gang ein moglegheitsstudie av moglege punktutbetringstiltak på strekninga Tronvik-Ulvåna på fv. 55 mellom Vadheim og Kyrkjebø.

Statens vegvesen har kostnadsrekna naudsynte tiltak på den fire km lange strekninga til 550 mill. kr. (2018), noko som inkluderer tre tunnelar på 50-100 m. Sortland skriv at kommunen ved fleire høve har spelt inn at fylkeskommunen må sjå på korleis me planlegg og utbetrar fylkesvegnettet vårt når behovet er stort og midlane avgrensa. Han meiner «*tida no er inne for å gjennomføre mindre, punktvisse utbetringar for å sikre trafikktryggleiken, der ein opnar for å fråvike vegnormalane. Vi krev ikkje «gul midtstripe» på denne strekninga, men ønskjer ein tryggare veg å ferdast på for innbyggjarar og næringsliv*».

Sortland oppmodar fylkeskommunen til å gjennomføra ein moglegheitsstudie «på korleis ein enklast kan utbetre og trygge dei verste partia på denne strekninga», og vidare «at utval for samferdsle og mobilitet i Vestland fylke kunne tilført denne strekninga midlar til ei etappevis utbetring, gjerne over nokre år».

Fylkeskommunen skriv i svar, dagsett 27. mars 2020, at innspelet vert tatt med i det vidare arbeidet med Regional transportplan for Vestland 2022-2033. Me syner vidare i svarbrevet til at SAMO 11. mars vedtok fordeling av planleggingsmidlar for 2020, der den aktuelle strekninga vart tildelt kr. 150.000. Me vil difor i løpet av året sjå nærare på strekninga, og vurdera grunnlag for vidare reguleringsplanarbeid.

Sjå elles vedlagt brev frå Høyanger kommune (med eigne vedlegg), og vårt svarbrev til kommunen.

Vedlegg

- 1 Tronvik Ulvåna brev samferdsle og mobilitet Vestland fylke januar 2020
- 2 Situasjonsskart_friviksvingene_1
- 3 Situasjonsskart_friviksvingene_2
- 4 Situasjonsskart_friviksvingene_3
- 5 Svar på oppmoding om å gjennomføre moglegheitsstudie for fv. 55 Tronvik - Ulvåna i Høyanger kommune